

## VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag 2. oktober 2013 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Øyvind Haraldseid.

<b>MØTESTAD:</b>	Vindafjord Rådhus, formannskapsalen
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	Kl. 15.00 – kl. 16.10
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Øyvind Haraldseid (H), Margrete Veim(Frp)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	Peder Lothe (H), Nils Skrunes (Frp) og Sissel Stene (Ap)
<b>FORFALL:</b>	Björg Borgemyr (Krf), Nils Terje Oma (Ap), Anders Haugland (Sp)
<b>FORFALL VARAMEDLEMER:</b>	2. vara Anne Lise Døvik (Sp)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor Roald Stakland - KPMG AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Ole Johan Vierdal
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 11/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.05.13

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.05.13 blir godkjent.

**Handsaming i kontrollutvalet 02.10.13:**

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.13:**

*Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.05.13 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 12/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 02.10.13**

17. Statusrapport pr. september 2013
18. Kommunestyrevedtak 10.06.13, sak 039/13 – rapport Øyane Asvo as
19. Kommunestyrevedtak 10.06.13, sak 040/13 – rapport Eigarskapskontroll
20. Rekneskapsrapport 1. halvår – kontroll og tilsyn
21. FKT-konferansen 2014 i Haugesund, på Rica Maritim
22. Endring av ansvarleg rekneskapsrevisor
23. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m.
24. Kommunebarometeret – tabell 2013
25. Haustkonferansen 2013 – Sandnes
26. Håndbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen! (eige hefte)

### **Handsaming i kontrollutvalet 02.10.13:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Ordføraren supplerte under pkt. 18 om situasjonen for Øyane Asvo. Dei som ynskjer å reise på haustkonferansen i Sandnes gir melding til sekretariatet innan 23.10.13.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.13:**

*Kontrollutvalet tek referatsakene 16 – 26 til orientering.*

## **SAK 13/13 OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR REKNESKAPEN 2012**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Vindafjord tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader i årsrekneskapen for 2012 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 02.10.13:**

Sekretær og revisor orienterte kort om tilsvarebrevet. Ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.13:**

*Kontrollutvalet i Vindafjord tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader i årsrekneskapen for 2012 til orientering.*

## **SAK 14/13 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2013**

### **Sekretariatet sitt forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 02.10.13:**

Revisor Roald Stakland presenterte seg sjølv, og orienterte kort om erklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.13:**

*Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.*

**SAK 15/13 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2013 (Ikkje off./fvl. §§ 13)****Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering

**Handsaming i kontrollutvalet 02.10.13:**

Revisor gjorde greie for planen. Utvalet hadde nokre spørsmål undervegs, elles ingen merknader til planen. Revisor blei oppmoda til kome med innspel, dersom dei hadde noko som kunne være aktuelt å sjå nærare på i ein forvaltningsrevisjon.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.13:**

*Vindafjord kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering*

**SAK 16/13 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014****Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Vindafjord kommune for 2014 med ei totalramme på kr 670 000, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	94 000
Kjøp av sekretærtjenester	Kr	164 000
Kjøp av revisjonstenester	Kr	412 000

**Handsaming i kontrollutvalet 02.10.13:**

Sekretær orienterte om budsjettframlegget. Utvalet slutta seg til framlegget.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.13:**

*Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Vindafjord kommune for 2014 med ei totalramme på kr 670 000, som fordel seg slik:*

<i>Kontrollutvalet si eiga verksemd</i>	<i>Kr</i>	<i>94 000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester</i>	<i>Kr</i>	<i>164 000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester</i>	<i>Kr</i>	<i>412 000</i>

**SAK 17/13 MØTEPLAN 2014****Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2014:

MØTE	TIDSPUNKT
Onsdag 19. februar	Kl. 15.00
Onsdag 14. mai	Kl. 15.00
Onsdag 17. september	Kl. 15.00
Onsdag 12. november	Kl. 15.00

**Handsaming i kontrollutvalet 02.10.13:**

Utvalet slutta seg til framlegget.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.13:**

*Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2014:*

<i>MØTE</i>	<i>TIDSPUNKT</i>
<i>Onsdag 19. februar</i>	<i>Kl. 15.00</i>
<i>Onsdag 14. mai</i>	<i>Kl. 15.00</i>
<i>Onsdag 17. september</i>	<i>Kl. 15.00</i>
<i>Onsdag 12. november</i>	<i>Kl. 15.00</i>


**EVENTUELT:**

Ingen saker blei meldt.

**Neste møte: 13.11.13, kl. 15.00**

Ølen/Aksdal, 02.10.13

Øyvind Haraldseid  
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær